

Nestekjærleik er haldning, handling og politikk

Debattinnlegg i Fædrelandsvennen 02.22.24

I ei tid med nær dobla flyktningtal på få år, har rike Noreg redusert talet på kvoteflyktningar med 90 prosent.



Einar Tjelle. Foto: **DNK**

Regjeringa sitt forslag for neste år er berre på 200 kvoteflyktningar. FN bed Noreg ta ein mykje større del. Det er ei tid med rekordhøge flyktningtal, i følgje FN er det 115 millionar flyktningar i verda. Krigar, konfliktrar, økonomiske skilnader og klimakrise driv verda uhemma i den retninga.

«Du skal ikkje undertrykkja og ikkje gjera urett mot ein innflyttar, for de har sjølve vore innflyttarar i Egypt». Slik står det skrive i den gamle boka (2. Mosebok 22,21). Det har vore med å forma livsviktig etikk i fleire tusen år. Folk har i alle år vore på vandring. Nokre gonger er situasjonen svært krevjande. Eit medmenneske, ein nabo som har medkjensle og opnar døra, er eit teikn på ei livgjevande haldning og handling som gjev håp.

Kjærleik til nesten – solidaritet med den som lid, er ein grunnplanke i Jesu lære og i kyrkjeleg diakoni. Kyrkja har i fleire hundre år vore i teneste for den framande og den som lid, i dag gjennom reint vatn, helse-, skule- og rettferdsarbeid. Slik er kyrkja på sitt beste. Motsette døme er diverre òg ein del av kyrkjehistoria.

I vår tid gjev berekraftsmåla språk og retning på mykje av diakonien og ei kyrkje som vil vera midt i verda. Eit koordinert og styrka globalt arbeid mot klimaendringar, naturtap, økonomiske skilnader, og for meir rettferd, vil vera fredsbyggjande i brei forstand. Og det vil gje langt færre flyktningar. Men saman med at vi gløymer flyktningane, gløymer vi å hindre at det blir fleire flyktningar i vår tid?

Den norske kyrkja er urolege for at det globale sør tapar når politikk og verdiar vert diskutert og budsjett vert laga.

Noreg har teke i mot meir enn 80.000 flyktningar frå Ukraina. Det er bra! Mange kyrkjelydar stiller opp for desse, og nye venskap er blitt til. Så veit vi og at i nokre kommunar byd dette og på utfordringar og slitasje. Men er det rett at så stor del av bistandsbudsjettet skal gå til dette?

FNs kvoteflyktningar er menneske som FN sin høgkommissær for flyktningar har gjeve særleg prioritet og ikkje kan få ei varig løysning i landet dei er. Men, Noreg tek berre eit par hundre.

Flyktningar må få hjelp der dei er, i nærområda! Slik lyder ofte omkvedet. Men regjeringa kuttar òg her. Samstundes er det nabolanda der uroa er, som tek støyten. Det vesle landet Libanon har teke imot svært mange flyktningar frå Syria. Men no er det krig og krise, og over ein million flyktningar er på flukt, mange til og med attende til Syria(!). I Gaza er så å seie heile folket på intern flukt frå den rå krigen, men utan å kome seg ut og utan trygge rom. Situasjonen er prekær.

Den norske kyrkja er medlem av Det lutherske verdsforbundet (LVF), som heilt sidan stiftinga like etter andre verdskrigen, har vore og er oppteken av flyktningar og dei mest utslegne. LVF er ein viktig samarbeidspartnar, og for FN sin høgkommissær for flyktningar (UNHCR) og Kirkens Nødhjelp. Flyktningleirar både i Midt-Austen og Aust-Afrika gjev kvile og tryggleik for ei tid. Men like viktig er å forandre årsakene til at krig, urett og klimakrise oppstår. Det står òg tydeleg på agendaen.

Årsakene til at medmenneske vert drivne på flukt må verte adressert, og djerv politikk for global rettferd må få plassen det fortener. Og her vil Den norske kyrkja vera med. Nestekjærleik er haldning, handling og politikk.